

Innspel til «kommunedelplan for Lifjell 2023-2033»

Skiløyper

Ivaretaking av nåverande skiløyper er særst viktig. Folk går ofte på ski for å nyte naturen, stillheita og komma seg vekk frå trafikk etc. Dette blir vanskeleg å få til nå som det går mange bilvegar som kryssar løypa og hyttene ligg tett inntil løypene. Eksempel: Viss ein går i det nedre løypenettet (Jønnebuflåtin-Høgefjell-Jønnebuflåtin) må ein ta av skia 10 gonger med mindre det er mykje snø. Dette er ein tur som tar om lag ein time for ein mosjonist i ok form. Her kunne ei løysing vore skibruer, men også naturlegvis legge hyttefelt vekk frå skiløypene.

Viss ein hadde koplå løypenettet i Vihus saman med Lifjell løypenettet vil ein få eit betre langrennstilbod.

Markagreiser

Det burde ikkje bli bygd fleire hyttefelt lengre opp på fjellet enn det det er i dag. Ei markagrense i botn av Bøkstulnatten og Krintofjellet bør bli ein realitet. Det er fleire skileikområde som bør fredast i området rundt Jønnebu og Krinto. Evt. nye hyttefelt bør byggast i områder der folk ikkje ferdast i større grad, vekk frå stiar, skiløyper og frileikområder.

Skiheisar på Lifjell

Sambindingsheisen på Lifjell bør realiserast slik at Lifjell kan bli meir konkurransedyktig mot andre alpinbakker. Samstundes synest skiheis i Krinto lite gjennomtenkt; nedfarten ned Krintokleiva kjem i konflikt med skigåarar som går opp bakken. Det vil framleis vere mange som går innover fjellet på ski. Desse vil møte på små og store alpinistar i den smale renna i Krintokleiva. Her vil tryggleiken vere eit stort problem. Denne problemstillinga var også ei utfordring da det var heis der før, og forslaget synest like gjennomtenkt. I høve tryggleiken i heisområdet gjekk det til dømes i 2017 (+/- 1 år) eit skred rett under Krintofjellet. Ein heis i Krinto vil vere eit unødvendig inngrep i naturen.